

Årsmelding 2001

Lom og Skjåk Sparebank



2001 over i historia

Det har vore eit nytt årsskifte og aviser, radio og fjernsyn summerer opp dei viktigaste hendingane frå året som har vorte historie. For Lom og Skjåk Sparebank er det også viktig å sjå attende på det som har skjedd i banken det siste året. Det meste har vi sjølve hatt styring med, med det er og delar av verksemda som i løpet av året har vorte påverka av hendingar både i Noreg og andre stader i verda. År 2001 vart eit år som sette ein støkk i både menneske og aksjemarknaden verda over. Den norske aksjemarknaden vart også prega av dette, og totalindeksen på Oslo Børs synte ein stor nedgang. Denne utviklinga har verdipapirporteføljen vår også fått bere preg av. Resultatmessig vart år 2001 eit noko svakare år, og dette skuldast utviklinga i verdipapirmarknaden. Sjølve bankdrifta gav i kroner eit resultat på linje med år 2000.

År 2001 er det fyrste heile året for kontoret i Vågå som har fått litt av ein pangstart. Frå august 2000 og fram til utgangen av 2001 har vi fått 373 nye kundar i Vågå og 90 i Sel. I tillegg har vi stor pågang av nye kundar frå andre delar av landet. Den store aktiviteten har gjeve oss ein utlånsvekst på godt 18,3%, og ein usedvanleg stor innskotsvekst på 17,5%.

Treffa våre i Oslo, Lillehammer og Dombås våren 2001 gav oss eit fint høve til å treffe nye menneske og kundar vi sjeldan eller aldri ser.

Banken bidreg kvart år med betydeleg pengestøtte til lag og organisasjonar som er engasjert i samfunnsnyttig arbeid. Ved den årlege gåveutdelinga i 2001 bidrog vi spesielt med midlar til kjøp av PC-utstyr til dei laga i Skjåk, Lom og Vågå som arbeider med innsamling og lagring av gamle bilete. Lom og Skjåk Sparebank ynskjer å vere ein sterk lokalbank og ein synleg pådrivar av utviklinga i området vårt. Nærleiken til kunden og høg serviceinnstilling er det berande prinsippet. Dette skal gjelde anten kunden besøkjer eit av kontora våre, eller let seg betjene via internett.

I årets temadel vil vi setje fokus på forfattarar og forfattarskap i Ottadalen. Vi har ein rik kulturarv å bere med oss vidare når det gjeld det arbeidet som har vore gjort innan dette området i dei tre bygdene våre. Med årets temadel vonar vi å kunne gjere kjent også dei som har stått i skuggen av dei store forfattarane våre.

I sjølve årsmeldingsdelen vil vi presantere bilete frå Skjåk Historielag, Lom

Knipsarlag og Vågå Kameraklubb. Desse tre laga fekk i 2001 data-utstyr i gåve frå banken for lettare å kunne arkivere den store foto-mengda dei har.

Eg vil som i tidlegare årsmeldinger nytte høvet til å takke alle tilsette og dei styrande organ, som heile tida syner stor interesse for banken. Eg veit at inspirasjonen og gløden for vidare satsing er til stades. Saman skal vi bygge vidare på den solide og konkurransedyktige banken vår til det beste for disktriktet, samfunnet og den enkelte.

Saman med dei tilsette vil eg rette ein stor takk til kundane og samarbeidspartnarane våre for godt og tillitsfullt samarbeid.


*Lars Kvalheim
banksjef*

Frå Storm... ...til Axe Øvsteng

I 1749 vart Edvard Storm fødd, i 1974 kom Gyrid Axe Øvsteng til verda. Du finn dei fyrst og sist når vi har samla saman forfattarar frå Skjåk, Lom og Vågå og sortert dei etter kva tid dei levde. Edvard Storm skreiv viser, Gyrid Axe Øvsteng skriv skodespel. Mellom desse to finn du alt frå historiske romanar, faglitteratur og kokebøker til dikt, kriminalromanar og barnebøker. Vi har ei rik litterær historie å ta vare på i bygdene våre. Ikkje berre dei store diktarane våre som vi alle veit namna på, men også dei som ikkje vart eller er så kjende, men som likevel har dikta, skrive og forfatta.

Å samle forfattarane i Skjåk, Lom og Vågå - fortidas og nåtidas - på eitt brett er inga

enkel sak. Du vil kanskje finne at forfattarar eller skribentar du kjenner til manglar i oversikta. Vi vonar å ha fått med flest mogleg, men sjølvstøtt kan ein eller annan ha vorte gløymt. Vi har også måtte setja grenser for kor mange vi kan ta med. Det finst ei rekke personar som har medverka ved diverse jubileumsbøker, desse er ikkje tekne med. Heller ikkje alle dei som har bidrege til Årbok for Gudbrandsdalen opp gjennom tidene har vi hatt kapasitet til å få med. Dei som har skrive hovudoppgåver som seinare har vorte utgjevne i bokform, er heller ikkje med.



Ofte Eftertanke finder
Svøbt i svundne Tiders Folder
Matte, støvbelagte Minder
Som Værdier i sig holder;
Disse bør vi pudse blanke,
Dvæle ved med skjøn som tanke
Skatter som en Perlekjæde
Drage frem med nænsom Glæde.

Lars Paulsen Thorkveen (1857 - 1923)

Markje grønast, sjogen bråna,
fjell bli bert, og lauve sprett.
Murunykkjil står ti dalom,
kue seg fær eta mett.
Alt som livi, byrja kreka,
bjønner kjem tor hie fram.
Ut or fjoset spring fornøgde
ku og kalv og sau og lam.

Edvard Storm



Edvard Storm

Prestesonen Edvard Storm (1749 - 1794) frå Vågå budde store delar av livet sitt i Danmark der han markerte seg som skulemann og forfattar. Sjølv om Storm måtte reise frå Vågå som 20-åring, og aldri skulle få sjå heimbygda att gløymde han aldri Vågå og venene der.

Allereie som barn var han særst oppteken av song og musikk, forteljingar, segner og folkeviser. Det synt seg at alle minna han fekk med seg frå barndomen fekk mykje å seie for han seinare.


Far hans sende han til København som 20-åring. Han hadde visst fått nyss i ei jente Edvard var kjend med og ville setje ein stoppar for det, samstundes som han ville at sonen skulle lese til prest. Prest vart det aldri av Edvard Storm, interessa for litteratur var nok større. I København sat han i staden og skreiv vers på Vågå-mål som han sende heim til venene sine. I 1778 fekk han æresløn av den danske kongen for eit dikt han hadde skrive på dansk om "Indfødsretten". Seinare skreiv han mange dikt på dansk, to skodespel førde han også i pennen. Salmer vart det mange av og fleire vart tekne med i gamle danske salmebøker. Det mest kjende av det han skreiv på dansk var "Sinklarvisa". Edvard Storm vanka ikkje i "Det norske selskapet" medan han budde i København, det vert sagt at han ikkje kunne utstå den bråkete Wessel og drikkevisene hans.

Utanom "Sinklarvisa" er det dølvise som vert best hugsa etter Edvard Storm. Kva tid han skreiv den fyste er uvisst, men den siste

vart skriven i 1776. Det var nok ikkje i Storm sine tankar at det var desse visene han skulle bli hugsa for, og at desse skulle bli sunge lenge, lenge etter at han sjølv var død. Det var mykje anna han la ned meir arbeid i enn desse visene. Det som gjer visene spesielle er at ein i versa finn noko ekte og opphavleg som tida ikkje kan slite ut, han har skrive rett frå Vågå-hjarta sitt.

Storm levde i lange tider av kunstnarløn. Han arbeidde også som lærar for unge menn av folket som ikkje fekk universitetsutdanning. Det var ikkje støtt han fekk løn for arbeidet han gjorde, han var så glad i lærargjeringa at han ikkje brydde seg stort om det. Han vart også godt omtykt som lærar og for omtanken han synt elevantane sine.

Det er hevda at Edvard Storm kunne ha vorte ein stor diktar dersom han hadde fått bu i Noreg, kanskje fått gifta seg med Vågå-jenta si og kanskje vorte prest...



Sylvester Sivertsen

Sylvester Sivertsen (1809 - 1847) frå Skjåk var fyrst og fremst ein pioner i norsk pressehistorie, men han gav også ut bøker. Den fyrste boka, "Haugianismen, dens Historie og Væsen, samt Forhold til Hernhuttismen, fremstillet af en Sandhedsven", er eit sterk forsvar for haugianismen. Familien til Sivertsen var strenge haugianarar. Han var også diktskrivar, men gav dei aldri ut sjølv. Året etter at han døydde vart ei samling av dikta gjevne ut.

Sivertsen var den fyrste redaktøren i "Gudbrandsdølen" etter å ha vore innom fleire andre aviser som journalist. Han var seinare redaktør i "Trondheimsavisa", "Nordlys" og "Drammens Adresse". Han var ein av dei redaktørane som var med på å heve vilkåra for ytringsfridomen og standarden på avisene i Noreg.

Elise Aubert

Elise Aubert (1837 - 1909) var dotter av Julius Aars, som var prest i Lom frå 1851 - 1862. Fyrst på 1900-talet gav ho ut boka "Fra de gamle prestegaarde". Det meste av boka er ei skildring av livet familien levde medan dei budde i Lom.

J.T. Ødegård

J.T. Ødegård (ca 1845 - ??) frå Lom skreiv ned erindringar frå Lom, Long Lake, Fargo og Minneapolis, desse vart gjevne ut i 1930 under tittelen "Erindringer". Boka finst mellom anna på Lom Folkebibliotek.

O. Løkre

O. Løkre (1846 - 1930) frå Skjåk var gift til og gardbrukar på N. Ramstad. Som 75-åring gav han i 1921 ut boka "Lurtonø frå fjeille". Her hadde han samla saman mykje gamalt stoff frå Skjåk, mellom anna gamle segn, litt om dei ulike strondene, om seterstell, om ulykker og


uår, om vatning, reiskap og arbeid - og mykje anna. Boka vart trykt opp på nytt i 1975. Løkre gav også ut boka "De unges rosø" i 1922. I 1966 vart det avduka ein minnestein over Løkre i Bismo.

Halvar Ofigsbø

Halvar Ofigsbø (1846 - 1928) var 75 år da han byrja å skrive "Gudbrandsdalsboka" som kom ut i 1926. Her skriv han om eitt og anna frå kvar enkelt kommune i Gudbrandsdalen, i tillegg tek han for seg emne som landbruket, jernbana, Amerika-fararar, skule, gards- og stadsnamn.


Ivar Kleiven

Ivar Kleiven (1854-1934) gjorde ein enorm innsats med å samle lokalhistorie og folkeminne frå Gudbrandsdalen, og har for det vorte kalla "Gudbrandsdalens Snorre". Ivar Kleiven kom i gang med å skrive seint, fyrst som førti-åring gav han ut sine to fyrste bøker, "Segner frå Vaagaa" og "I heimgrendi". Hovudverket gav han ut etter å ha fylt 60 år, dei fem bøkene i serien "Gamal bondekultur i Gudbrandsdalen" - "Lom og Skjåk", "Lesja og Dovre", "Østre og Vestre Gausdal", "Ringebu" og "Fronsbyggin". Boka om Vågå og ei bok om Øyer og Fåberg fekk han aldri fullført. Fleire bøker har også kome ut etter at Ivar Kleiven døydde. Den siste boka "Brev fra Dacorah-Posten", kom fyrst på 1990-talet. Ivar Kleiven var gardbrukar på garden Kleiven der han også voks opp. I oppveksten hans var det ferdamannskvile på Kleiven. Han fekk med seg historier fortald av ferdamenn frå mange bygder, og dette vart ei viktig inspirasjonskjelde for han. Då den fyrste boka kom i 1894 fekk Kleiven etter kvart årlege løyvingar frå sparebankane i Gudbrandsdalen for å kunne halde fram med det viktige arbeidet sitt. Han fekk også hjelp frå Nansenfondet og Gudbrandsdalslaget i USA, i tillegg vart han statsstipendiat.





Hamsund fotografert i trikkeføreruniform frå tida i USA.



Kitty Wentzel fotografert i Haukdalen i samband med intervju på NRK. Biletet er utlånt av Åse Marstein.

Lars Paulsen Thorkveen

Pastor Lars Paulsen Thorkveen (1857 - 1923) var fødd og voks opp i Lom. I 1880 utvandra han til Amerika, der tok han utdanning og vart ordinert til pastor. Thorkveen var sterkt engasjert på mange felt, og hadde ei rekke verv i ulike organisasjonar. Han var særleg interessert i salmer og song. I eit minneskrift om han heiter det seg at han "interesserte seg sterkt for god, kristelig sang". Han samla og forfatta fleire songbøker. I 1912 vart han slege til St. Olavs Ridder.

Knut Hamsun

At Knut Hamsun (1859 - 1952), eller Knud Pedersen som han egentleg heitte, budde i Garmo dei tre fyrste åra av livet sitt, er sikkert og visst. Men kvar han var fødd, i Lom eller Vågå, skal vi ikkje gå inn på. Han var son av Peder Skultbakken frå Vågå og Tørøa Olsdatter Garmostrædet. Da Knud Pedersen var tre år reiste familien, som så mange andre ottadølar, nordover og busette seg på Hamarøy i Nordland. Ni år gamal vart Hamsun sendt til onkelen i Lom og vart også konfirmert her. Etter denne tida som var vond for Hamsun byrja dei eventyrlege åra i livet hans. Han arbeidde som handelsbetjent i Tranøy, han prøvde seg som snikkarlærling, som skomakarlærling, han reiste rundt som farande kremmar og tok tilfeldige jobbar. Han var også ei tid lærar i småskulen, det var i denne perioden han oppdaga forteljarevna si. Skuleborna vart bergtekne av alle dei merkelege eventyra hans. Under emigrasjonsbølga i 1880-åra kasta også Hamsun seg på og reiste to gonger til Amerika, der han mellom anna arbeidde som trikkekonduktør. Den fyrste boka gav Hamsun ut som attenåring, men korkje

denne eller dei neste bøkene skulle få merksemd og anerkjenning. Det var fyrst med "Sult" i 1917 han slo gjennom som forfattar. Boka var banebrytande med sin nye stil og verkelegheitsoppfatning, for fyrste gong vart det irrasjonelle i menneskesinnet stilt i sentrum. "Markens grøde" i 1917 gjorde Hamsun internasjonalt kjend. Tre år seinare vart han tildelt Nobels litteraturpris for denne boka, som har vorte kalla eit jordbrukets evangelium. Seinare kom den eine romanen etter den andre og bøkene er framleis populære og ein viktig del av norsk litteraturhistorie.

Hamsun var ein populær forfattar i samtida si, men da han stod fram som ein sterk sympatisør for Hitler, førde det til eit voldsomt omslag i folk si haldning til diktaren. I 1948 vart Hamsun dømt for landssvik, men greidde likevel som nittiåring å kjempe seg inn på den litterære arena på nytt med forsvarsskriftet "På gjengrodde stier". Her har han samla ei rekkje refleksjonar og skisser, delvis bygd på dagboksnotat.

Synne Kvale

Synne Kvale (1861 - ?) frå Lom gav i 1943 ut boka "Undervegs". Fleire år seinare gav Lom Heimbygds-lag ut ei bok bygd på manuskript frå Synne Kvale, "Mjølskolven", som vart trykt i berre 11 eksemplar. Eit av desse eksemplara ligg i Kvåle-samlinga på Lom Folkebibliotek.

Kitty Wentzel

Cristiane Marie Wentzel (1869 - 1961) eller Kitty som ho kalla seg, var fødd i Kristiania, i barndomen budde ho delvis hjå besteforeldra i Trondheim og i Bergen. Da ho var omlag 8 år flytta familien til Paris der ho gjekk klostertekule hjå St. Joseps søstrene. Kitty Wentzel



Brørne Olav (t.v.) og Paal Aukrust. Bileta er utlånt av Ola Aukrust.

drøymde om å bli billedhuggar og gjekk på Franske collarozzi akademiet for å lære å teikne, der møtte ho Gustav Wentzel som ho gifta seg med i Paris i 1889. Etter at dei flytta attende til Noreg, vanka dei mykje i miljøet kring Christianiabohemane.

Både Hulda og Arne Garborg, Christian Skredsvik, Th. Kittelsen, Eyolf Skoot og Visdal Werenskjold vart gode vener av paret. Familien Wentzel reiste mykje rundt i ulike dalføre i Noreg for å finne motiv til måleria hans. Dei var ofte i Vågå, og etter at eldstesonen gifta seg med ei jente frå Skjåk og busette seg på småbruket Høgbrenna i Lia, flytta også resten av familien etter. Kitty kjøpte Haukdalen medan yngstesonen overtok Høgbrenna etter broren da han kjøpte Furuheim saman med faren.

Kitty Wentzel gav ut tre bøker. Den første "Bordets Glæder" i 1923 var ei kokebok skrivi saman med kriminalforfattaren Øvre Richter Frich. Her tok ho med oppskrifter som ho hadde fått frå sine kunstnarvener og Christianiabohemar, og historier om og rundt rettane. Richter Frich butfylte med vintips og vinhistorier. Boka "Mitt livs karusell" frå 1960 er ein sjølvbiografi der ho fortel om livet sitt heilt frå oppveksten og til tida etter at ho busette seg i Lom. Boka "Gustav Wentzel" frå 1956 er ein biografi om mannen hennar som ho gav ut etter at han døydde. Her skriv ho både om livet hans og om kunstnaren Gustav Wentzel.

Kitty Wentzel vart intervjuja på NRK fyrste året det var fjernsynsendingar i Noreg. Intervjuet gjekk direkte og ho fortalde både om seg sjølv og mannen.

Mathias Bruheim

Mathias Bruheim (1882 - 1967) frå Skjåk var far til Jan-Magnus Bruheim. Han arbeidde som korrespondent i Gudbrandsdølen. I 1952 gav han ut boka "Skjåk kyrkje 200 år" - ei bok med nærare 200 sider stoff om Skjåk-kyrkja. I 1969 kom boka "Skjåk Ålmenning 1798 - 1948" med kring 300 sider almenningshistorikk. Bruheim rakk ikkje å fullføre boka heilt før han døydde, og det var sonen Jan-Magnus som fekk boka fullført og utgjeven.

Paal O. Aukrust

Paal O. Aukrust (1883 - 1966) var bror til Olav Aukrust (d.e.) og gardbrukar på Sygard Aukrust. Paal O. Aukrust skreiv på sine gamle dagar sjølvbiografien "Sjølvbiografi og kommunalsoge", der han fortalde om livet sitt og utdjupa ideologiane og synspunkta sine. Han hadde ein politisk karriere som er sjeldan, han var NS-ordførar under krigen og vart dømt for landssvik, kring 1950 fekk han ny tillit frå bygdafolket og vart på nytt valt til ordførar.

Olav Aukrust

Olav Aukrust (1883-1929) frå Lom nådde ikkje å gje ut meir enn to diktsamlingar før han døydde berre 46 år gamal. To diktsamlingar og ei artikkel- og brevsamling kom ut etter at han var død. Likevel er han sett på som ein av dei store forfattarane i Noreg, og mange av dikta hans har framleis gjennomslagskraft hjå lesarane.

Olav Aukrust fekk diktarløn berre få månader før han døydde. Det måtte til ein aksjon som gjekk utanom Det litterære råd i Den norske forfatterforening for å få Stortinget til å gjere dette vedtaket. Aukrust var omstridd medan han levde, og såg på seg sjølv meir som ein skald enn ein diktar. Heilt frå han var ung

hadde Aukrust store evner innan mange felt, han tok fleire skular sjølv om han streva med sjukdom som skulle følgje han resten av livet. Han tok mellom anna lærarskule og arbeidde seinare som lærar før han ofra seg heilt og fullt for å skrive. Ei tid planla han å bli fiolinist, men fekk leddtuberkulose og måtte amputere ein finger.

Det fyrste verket "Himmelvarden" kom ut i 1916, "Hamar i Hellom" kom i 1926. Boka han kalla hovudverket sitt - "Solrenning" - fekk han ikkje sjølv sjå utgjeven sidan denne kom fyrst året etter at han døydd. Diktinga til Aukrust kviler på fire pilarar; gudbrandsdalsmålet, bonde- og bygdebakgrunnen hans, naturen og det åndelege og religiøse. Aukrust kjende eit sterkt ansvar for å forvalte den arven han hadde fått frå den gamle gudbrandsdalskulturen, og var ikkje minst overtydd om at det beste i bygdekulturen hadde ei nærast frelsande effekt både på nordmenn og kanskje all verdas folk.

Han var kritisk til moderniseringa av samfunnet, noko dei fleste har lese i diktet "Billbeistet". Aukrust var også ein stor dyrkar av naturen i diktinga si, og etter ein gong å ha høyrte ein beintela jordfast kjempestein jamre seg, sa han dette om si oppgåve: "Som ei heit vitring og kviskring fór det gjennom meg, at eg skulde bera bod frå dette lende, vera det ein munn, orde det ut...". Dessutan var Aukrust særleg religiøs og hadde fleire opplevingar der han meinte å sjå inn i livsmysteriet, han ville tenne guddomsgneisten i mennesket "...eg er send av guddomsmagterne i serskild erend til vårt folk" sa han.

Sjukdom og nervøse lidingar følgde Olav Aukrust gjennom livet. Likevel verdsette han seg sjølv høgt og oppførte seg på ingen måte forsiktig slik dølar var kjende for. Olav Aukrust var eit samansett menneske, intens og eksentrisk. Han hadde stor kjærleik for det heimlege, men kunne og ta på seg roller som kunstnarbohem og dandy.

- Eller han kunne vere den reine villmann i intens naturdyrking. Det gjekk mange historier om Olav Aukrust. Truleg var det fleire usanne enn sanne historier. Dessutan vert det sagt at ingen annan døl, og kanskje heller ingen nordmann, hadde så mange og oppsikts-



vekkjande slips som Olav Aukrust. Han var ein gong med i film, og han sat modell da Dyre Vaa laga sitt meisterverk "St. Clemenz" i Nidarosdomen. Gjennom alt dette braut det fram ein åndeleg intensitet som fascinerte dei fleste som møtte han. I dag vert han av summe omtala som det største geniet Gudbrandsdalen har fostra.

Olav Øygard

Olav Øygard (1885 - 1960) frå Skjåk var ivrig dikt-skrivar. Medan han var i 20- 30-åra var det mange som trudde han kom til å bli diktar, men han fekk aldri gjeve ut nokor diktsamling. Derimot samla Per Lindsheim saman ein del av dikta hans og laga eit hefte av dei. Heftet er mellom anna å finne på Skjåk Folkebibliotek. Fleire av dikta hans har også vore på trykk i Årbok for Gudbrandsdalen.

Edvard Grimstad

Edvard Grimstad (1886 - 1955) var fødd og oppvaksen i Skjåk. Allereie frå han var ung hadde han sterk interesse for bygdekunst og søge. Denne interessa skulle følgje han livet ut og resulterte mellom anna i verket "Etter gamalt", med stoff frå heile dalen. Ikkje minst var Grimstad mannen bak Årbok for Gudbrandsdalen. Han budde på Lillehammer på denne tida og arbeidde som lærar, ein periode var han også bibliotekinspektør for Oppland. Heile tida var han folke-minnesamlar og målgranskar i fristundene. Det var i ei periode som formann i Dølaringen han la fram ideen om årboka, som sidan 1930 har kome ut kvart einaste år. Opplaget for den fyrste utgåva var visstnok på kring 1.500 bøker. Grimstad arbeidde utan løn for å få ut årboka dei sju fyrste åra, da hadde boka vorte så godt innarbeidd at han let andre ta over arbeidet.



Tore Ørjasæter

Om Tore Ørjasæter (1886-1968) frå Bråtå har Sigrud Undset ein gong skrivt; "Hele diktingen hans ånder av inderlig kjærlighet til den avkroken av Norge der han har røttene sine." Sigrud Undset var berre ein av mange som sette Tore Ørjasæter svært høgt. Ørjasæter debuterte som forfattar i 1908 og gav i alt ut 12 diktsamlingar, fire drama, ein roman og to reiseskildringar. Det var med "Gudbrand Langleite" i 1913 at Ørjasæter verkeleg fekk påskjønning som forfattar. Ørjasæter omarbeidde boka saman med oppføljarane "Bru-millom" og "Skuggen" til ei bok, denne er rekna som eit av hovudverka i norsk dikting på 1900-talet. Ørjasæter skreiv også drama, og var med på å fornye norsk teater etter ein tung Ibsen-periode. Det meste av diktinga til Tore Ørjasæter har bakgrunn i det gamle ættesamfunnet, som på slutten av 1800-talet vart meir og meir oppløyst. Denne oppløysinga skapte sosiale og personlege problem både for bygdesamfunnet generelt og Ørjasæter spesielt. Eit av skodespela Tore Ørjasæter skreiv, Jo Gjende, omhandlar ein bygdeoriginal - eit menneske mange hevdar Ørjasæter kjende seg i slekt med på mange måtar - og ei historie som omhandlar Ørjasæter sitt eige forhold til bygda og ætta. Mykje av det Tore Ørjasæter skreiv kan vere tung lesnad med mange ord som krev tid og omtanke, medan til dømes diktsamlinga Elvesong gav enkel symbolikk og eit lett skjøneleg biletspråk.

Det var eigentleg bonde lærarsonen Tore Ørjasæter ville bli, men sjukdom i ungdomen gjorde at han måtte gje opp dette. Han tok folkehøgskule og lærarskule som han ikkje fullførte. Han reiste også mykje utanlands og syntte etter kvart at han hadde enorme kunnskapar. Ørjasæter busette seg i Øyer i 1921 og stifta familie der, men var framleis mykje på heimstaden i Bråtå som han var særst glad i.

Knut K. Sortdal

Knut K. Sortdal (1887 - 1971) opphøveleg frå Tingvoll, seinare busett i Vågå, var frå 1920 til 1947 rektor ved Klones. Han gav ut fleire vitenskaplege og praktiske skrifter om landbruksspørsmål, og fekk både Kongens gullmedalje for landbruksvitenskapleg forskning og Kongens fortjenestmedalje i gull. Det er særleg skriftene om kunstig vatning som i ettertid har vorte godt hugsa og mykje nytta.



Tea Kummen fotografert heime i huset sitt, Tun, i 1967. Biletet er teke av Rolf Myklebust i samband med eit intervju han gjorde med henne for radio. Biletet er lånt ut av Nigard Skjåk.

Tea Kummen

Tea Kummen (1893 - 1979) frå Skjåk var syster til Gregor Kummen og voks opp i ein stor syskenflokk. Ho gav ut fire barnebøker: "Villvuru", "Villveng", "Den blå bringeduken" og "Tonen over blåtakket". I tillegg skreiv ho også ein del dikt og noveller for "Norsk barneblad" og skreiv innlegg i "Årbok for Gudbrandsdal", ho sette også melodi til ein del av dikta sine. Bøkene var ofte skrivne frå synsvinkelen til eit barn og inneheldt både barndomsskildringar og lokalhistorie. Ellers var dei prega av eit kristent livssyn.

Tea Kummen var ei særeigen dame som ofte hadde sterke meiningar. Ho gjekk på lærarskolen, kom attende til bygda som lærarinne og busette seg i eit hus i Kummen. Ho var særst oppteken av naturen og av bruk av helsebringande urter og vekster. Ho var også treskjerar, og gjekk ein periode på Hjerleid. Vidare var ho oppteken av musikk, og ho spela både langleik, munnharpe og orgel.

Gregor Kummen

Gregor Kummen (1890 - 1967) gjorde eit viktig arbeid da han i sine eldre år tok til å samle informasjon om den gamle vatningskulturen i Skjåk. Han intervjuar ei mengd folk frå heile bygda og fekk såleis detaljerte opplysningar om alt som hadde med vatning å gjere. Mellom anna samla han opplysningar om dei einskilde gardane i bygda, slik som navn på gamle åkerteigar som allereie i Kummen sine dagar var på veg til å bli borte.

Kummen rakk ikkje å fullføre arbeidet med å skrive bok av det han hadde samla saman før han døydde. Ivar Teigum tok i 1979 fatt i stoffet, som med stønad frå Norsk kulturråd og Oppland fylkesskulestyre vart gjeve ut av Skjåk Historielag. Den 300 sider tjukke boka har eit grundig innhald om vatningshistorie, vatningsmåtar og vatningsreiskap, dessutan vert det gjort greie for kvar enkelt elv og grov med vatnarvatn.

Arbeidet Kummen gjorde er truleg heilt uvurderleg når det gjeld historia til Skjåk, mykje av det stoffet han samla ville fort gått i gløyme boka dersom han ikkje hadde skrive det ned i tide.

Guro Tråstad

Guro Tråstad (1891 - 1967) frå Skjåk var ei god venninne av Tea Kummen. Ho var organist i Skjåk frå 1917 til om lag 1955. Ho var særskild aktiv i lagsarbeid i U.L. Fram og var i årevis flittig skribent i lagsbøkene deira. Guro Tråstad skreiv prologar, dikt og spelstykke til ulike anledningar.

Oluf Turtumøygaard

Oluf Turtumøygaard (1895 - 1979) frå Lom var kjent som kåsør i programposten "Som dagene går" i NRK. Han var lærar og arbeidde både i Lom og seinare i Øyer der han vart verande. Turtumøygaard var spesielt oppteken av dialekter og mål, og hadde grundig kjennskap til dialektene i Gudbrandsdalen. I 1974 gav han ut verket "Gudbrandsdalen" som tek for seg dei ulike målføra i Gudbrandsdalen. Han gav også ut barne boka "Det gåtefulle anlegget". Kona hans, Olaug, gav også ut ei barnebok "Ingrid og Egil", Oluf illustrerte boka.

Olav Kvåle

Olav T. Kvåle (1895 - 1985) frå Lom var ein av dei som hadde Olav Aukrust som lærar i skulen, og som kanskje fekk med seg diktarinspirasjon frå det. Ellers var han ein god ven av Tor Jonsson. Han vart også sjølv lærar og vende attende til Lom etter nokre år i hovudstaden og på Hundorp. Som lærar var han av dei som vart arrestert og sendt til Kirkenes under aksjonen mot lærarar i 1942. Etter at han vart pensjonist tok han til å arbeide med lokalhistorie, dialektgransking, folkeskikk og arbeidsliv for å skrive ei bok. I 1975 gav han

ut resultatet, boka "Gamalt frå Lom". Han skreiv også 50-årsjubileumsboka for Lom Koop, og i yngre dagar skreiv han gjerne dikt.

Jon Galde

Jon Galde (1897 - 1978) frå Lom henta mykje inspirasjon frå fjellheimen kring seg. Han var mellom anna bre- og fjellfører i yngre år. Han gav ut ei diktsamling, "Fanarok", med dikt fra fjellheimen og fjellliv.

Jo Turtumøygaard

Jo Turtumøygaard (1898 - 1984) var veslebror til Oluf Turtumøygaard. Også Jo var lærar, men i motsetnad til broren slo han seg til i Lom der han også vart styrar ved Loar skule. Diktar-hug fekk han truleg både frå heime, og frå vinteren 1915/16 da han gjekk på folkehøgskule på Dovre og hadde Olav Aukrust som lærar. I tillegg var han også godt kjend med både Tore Ørjasæter, Tor Jonsson og Olav Aukrust. Turtumøygaard var glad i å skrive dikt, og skreiv ofte i ledige stunder. I 1970 gav han ut den vesle diktsamlinga "Jøkulen græt". Dei siste leveåra sine var han engasjert i skrivinga av skulehistoria for Nord-Gudbrandsdal.

Jo Turtumøygaard var også sterkt engasjert i arbeidet med heimbygdslaget og bygdamuseet i Presthaugen. Hjerdebarnet hans var skulemuseet i Presthaugen der han tok i mot både skuleklasser og turistar for å verkeleggjere den gamle skulehistoria.

Draumen

*Eg drøymde eg skulle bli pave i Rom,
men håkedag, eg vart slave i Lom.*

*Eg tenkte meg sikkert det finaste slott,
der skulle eg briske meg, leva så flott.*

*Men slottet vart hytte og garden vart
grus
og gullet vart gråstein og bølingen lus.*

*Men nå er eg pave, og det så det svi'.
Og det veit ho meire om, kjerringa mi.*

Jo Turtumøygaard

Ola Martin Høgåsen

Ola Martinus Høgåsen (1900 - 1964) kom til Vågå i 1939. I åra fram til han gjekk av som pensjonist var han både lærar, kyrkjesongar, skulestyrar, skuleinspektør og ordførar. Ikkje minst la han ned ein stor innsats som forfattar og skribent. Han redigerte Årbok for Gudbrandsdalen frå 1945 - 64, han var flittig som artikkelskribent i bøker, aviser, blad og hefte, og arbeidde for norsk mål og kultur. Høgåsen gav også ut tre diktsamlingar og fleire barnebøker og han mottok Melsoms litteraturpris som barnebokforfattar.

Då Høgåsen døydde var han komen langt på manuskriptet til bygdebok for Vågå, Sel og Heidal.

Kari H. Aukrust

Kari H. Aukrust (1900 - 1979) frå Lom var gift i yngre dagar, men levde mest heile livet einsleg. Kari var ikkje i slekt med Olav Aukrust. Ho fekk seg opp ei hytte på "Bandet" på Prestsetra, der ho var store delar av tida om sommaren. Truleg vart mange av dikta nedskrivne her. Kari gav ut om lag ti diktsamlingar på eige forlag frå krigens dagar og fram til 60-talet. Den fyrste kom i 1939. Det meste av det ho skreiv hadde ein religiøs undertone.

Hans Klepp

Hans Klepp (1903 - 1990) frå Skjåk gav i 1983 ut boka "Fem år av mitt liv", ein biografi der han skildrar dei åra han budde i Amerika. Det var sterke nedgangstider i Amerika i denne perioden, noko han i høgste grad fekk erfare. I boka finn vi også dikt og songar. Hans Klepp har skriva opp gjennom tida.

Ragnvald Skrede

Ragnvald Skrede (1904-83) frå Vågå vert omtala som ein djupt moralsk diktar. Dikta hans handla ofte om mennesket sitt moralske ansvar og om plikta til å gjere gode ting utan baktankar om løn. Han hevda sjølv at han skreiv for å bli eit betre menneske og vona at dikta hans kunne påverke lesarane i same retning. Skrede debuterte i 1949 med diktsamlinga "Det du ikkje veit", ei typisk etterkrigsbok. Han gav ut i alt 12 diktsamlingar. Dikta hans var i mange år blant attgangarane i "Ønskediktet". Skrede vart også lagt merke til som litteraturkritikar og var kjend for å vere open for meir moderne former for litteratur. Våren 2002 gav Otto Hageberg ut boka "Vintersvale" med utval av dei beste dikta til Skrede.



Saga ved

*Sume går på reinsjakt,
eg må saga ved;
andre pløyer båra,
eg finn aldri fred.*

*Sterk i draumen rør eg
om jagande falk;
i kvardagen subbar eg
lik brotnaste jalk.*

*Men heitare brønn aldri
veden eg sagar
enn det som brenn inne i meg
alle mine dagar.*

Ragnvald Skrede

Olav I. Haugen

Olav I. Haugen (f. 1910) har tidlegare vore rektor på Storsteigen landbruksskule i 25 år, men nyt nå pensjonisttilværet i Vågå. Han har gjeve ut mykje faglitteratur, mellom anna tre bind om beiteundersøkingane på Østlandet. Han har også skriva ei lærebok i landbruksøkonomi og historia til Storsteigen landbrukskule. I tillegg har han skriva ei rekkje småskrifter om ulike landbruksrelaterte tema. Haugen skriv framleis, og er også nytta som foredragshaldar.

Åmund Elvesæter

Åmund Elvesæter (f. 1910) frå Lom er mest kjent som hotelleigar. I 1980 gav han ut boka "Elvesæter Gard og Ætt". I 2000 gav han ut boka "Mi stund i fjellheimen", ein biografi der han tek for seg ein del av det han har opplevd gjennom 90 innhaldsrike år.

Olav O. Aukrust

Olav O. Aukrust (1912 - 1999) var son av Olav Aukrust. Han gav ut både barnebøker og fagbøker. I barneboka "Reisen i Jutulfjell" har syskenbarnet Kjell Aukrust stått for illustrasjonar. Hovudverket var dei tre binda "Dødsrikets verdenshistorie", desse tek for seg forestillingane om dødsriket i ulike religionar opp gjennom tidene.

Erling og Jarnfrid Kjøk

Erling Kjøk (1913 - 1999) og dottera Jarnfrid (f. 1947) frå Lom gav i 1995 ut boka "Ei spelmannsoge". Boka byggjer på Erling Kjøk sine tradisjonar om spel og spelemenn frå Skjåk, Lom, Vågå, Sel og Heidal. Her finn ein skildringar og terminologien om gamle musikk-instrument, dans og ei samling noter til slått-sjangrar, til dømes springleikar og budeiehullar.

Jan-Magnus Bruheim

Jan Magnus Bruheim (1914 - 1988) frå Skjåk gav ut nær 40 bøker gjennom om lag like mange år. Han budde i Skjåk heile livet, med unntak av nokre år på Vestlandet. Han arbeidde heime på garden og som lærar før han vart forfattar på heiltid. Han debuterte 27 år gamal med diktsamlinga "Stengd dør", som handla om kjærleikslengt og einsemd. I seinare bøker vart diktinga meir prega av eit sterkt samfunnsengasjement og kampen mellom godt og vondt. Han var naturvernar, han var aktiv i fredsarbeid og arbeid mot atom-våpen. Bruheim var aldri redd for å hevde dei sterke meiningane sine, og sjølv

om orda i diktinga hans var milde, var dei likevel sterke. Bruheim skreiv mest lyrikk og barnebøker, men var også med på å skrive "Årbok for Gudbrands-dalen", jubileumsboka for Skjåk kommune i 1966, historia om Skjåk Almenning og historia om OKB. Han skreiv også ein roman "Broren" og var flittig skribent i aviser og blad. Ei av barnebøkene Jan Magnus Bruheim gav ut, Reinsbukken frå Kautokeino, var eit særprega bokprosjekt på norsk og samisk. Boka handla om ferda til eit reinsdyr gjennom Gudbrands-dalen og til Finnmarksvidda. Denne vart sett på som eit tidleg forsøk på å gje samiske born ein litteratur å identifisere seg i. Som så mange av dei andre bøkene hans gjekk også denne på vers. Jan Magnus Bruheim hadde ei eiga evne til å fortelje rytmisk og skape enkle bilete med rot i norsk natur.

Jan-Magnus Bruheim vart høgt verdsett blandt bygdafolket i Skjåk. Han reise mykje rundt i landet og las frå bøkene sine, og med god evne til å kome i kontakt med born var han ein kjærkomen gjest hjå mange skuleklasser kring i landet.

Bruheim fekk ei rekkje prisar og premiar for barne-bøkene sine, mellom anna Kyrkje- og undervisnings-departementet si premiering. Han vart og tildelt Doblougprisen, Sunnmørsprisen og Kulturprisen for Gudbrandsdal.

Aslaug Høydal

Aslaug Høydal (f. 1916) busette seg i Skjåk i 1971 og arbeidde som lærar fram til ho vart pensjonist. At ho i det heile kan ha hatt tid til anna enn å skrive, kan ein undre seg over.

Aslaug Høydal har nemleg gjeve ut over 50 bøker på 50 år. Den fyrste boka, "Born og bøling", kom i 1950, ei barnebok med mange sjølvbiografiske trekk. Stoffet fann ho i dei mange åra ho hadde vore gjetarjente. Så gjekk det sju år før neste utgjeving kom, skodespelet "Guro Heddelid", men etter det har det gått slag i slag. Det har nærast ikkje gått eit år utan ei ny bok frå Aslaug Høydal, og gjerne fleire i året - barnebøker, romanar, dikt, noveller, biografier, sogeromanar, folkelivsskildringar... Samstundes med at ho gav ut dei fyrste bøkene byrja ho også å skrive forteljingar i Norsk Barneblad, ho er stadig med i samfunnsdebatten og har frå tid til anna innlegg i ulike aviser.





Aslaug Høydal. Foto: GD, Elias Sperstad

Aslaug Høydal skriv bøkene sine på ein slags gammaldags nynorsk der ho nyttar den vest-telemarkske dialekten ho har med seg frå heimbygda. Ho er oppteken av å ta vare på gamle dialektord ogformer som er på veg til å døy ut. Det er forsvaret for dei svake i samfunnet som oftast opptek diktinga til Høydal, dette har fått det til å storme rundt henne fleire gonger. Då boka "Dyr last" kom i 1963, vart den ein brannfakkel i striden om niårig skule med linedeling og sentralisering. Ho fekk kritikkar som slakta boka, men og glimrande kritikkar som meinte boka var ein sterk vekkjar i skuledebatten. Det gjekk så langt i debatten kring boka at mange meinte det var Aslaug Høydal si skuld at det vart regjeringsskifte i 1965. Sjølv om ho har skapt debatt gjennom bøkene sine og har sterke meiningar i dei, er ho likevel ikkje nokon krass og utbasunerande person som gjer mykje av seg. Det er gjennom bøkene og skrivinga ho markerer seg. Ho har skriva om alt frå dyrehistorier, til stridaen i Midtausten.

Aslaug Høydal er født og oppvaksen i Langlim i Seljord, ho har gått Askov Folkehøgskule i Danmark og Noreg, lærarhøgskule i Trondheim og i Elverum. Ho var i lotteteneste under krigen.



Tor Jonsson

Tor Jonsson

Arbeidet til Tor Jonsson (1916-1951) frå Lom har dei siste åra fått ny og stor etterspurnad. Bøkene hans har kome i nye opplag og har vorte særskilte aktuelle både i litterære debattar og i samfunnsdebatten generelt. Som sekstenåring byrja han å skriva forteljingar og dikt i "Arbeidermagasinet", elleve år seinare kom den fyrste boka - diktsamlinga "Mogning i mørkret". Seinare kom fire diktsamlingar, i tillegg etterlet han seg fleire lause dikt – alle prega av det dystre som følgde diktinga heilt til han tok sitt eige liv i kjærleikssorg. Jonsson arbeidde i ei tid som journalist for "Dølenes blad" på Otta, og ei tid som redaktør for "Hallingdølen". Han skreiv dessutan ei rekkje artiklar i "Bygdeungdommen", "Arbeiderbladet" og "Dagbladet". Han gav uttrykk for eit sterkt sosialt engasjement med kvasse åtak på urett og undertrykking. Han var og kritisk til romantiseringa av bygdesamfunnet. Artiklane vart samla og gjevne ut i to bind, "Nesler".

Tor Jonsson braut opp frå Lom tidleg, likevel skreiv han heile tida om bygda – oftast negativt, men av og til også positivt. Det var fattigdomen og avmakta til den lågaste klassa i det sterkt klassesdelte samfunnet som Jonsson meinte regjerte i Lom under oppveksten som opptok diktinga hans. Han heldt heile tida fast ved ein solidaritet for småkårsfolk, samstundes som han hadde eit slags hat til kaksane.

Mathias Marstein

Mathias Marstein (f. 1917) er opphoveleg frå Lom, men har budd i Skjåk det meste av livet. Kring konfirmasjonsalderen byrja han å fatte interesse for å skrive. Han har arbeidd som journalist og har skrive for Dagningen, litt for Oslo-aviser og skreiv ein periode dikt i Arbeidermagasinet. Han har også skrive dikt og prologar i "Årbok for Gudbrandsdal" på 50- og 60-talet. I 1979 gav han ut boka "Solside og bak-side", ei barnebok med handling frå 50-åra. Handlinga i boka finn stad på ein plass som kan likne på Lia, der Marteinn voks opp, men er ikkje direkte henta frå der.

Tore Juland

Tore Juland (f. 1917) er opprinneleg frå Lom. Han er nå busett på Strømmen, der han er pensjonist etterå ha vore gartner i Oslo kommune i 36 år. Juland gav for nokre år sidan ut heftet "Gamle ord og uttrykk frå Lom". Her har han samla saman over 1.000 gamle dialekt-ord. Han byrja å skrive ned slike ord mange år før heftet kom ut, da var det heller ikkje i tankane å lage nokon publikasjon. For kvar gong han kom på eit gamalt ord, skreiv han det ned saman med meininga. Etter kvart vart det fleire og fleire ord, og han byrja å tenkje på å samle dei til eit hefte. Juland har også delteke med ymse artiklar og stykke i Heim og Bygd. I tillegg byrja han ein gong på ei bok om Tor Jonsson, boka vart aldri fullført. Da Ingar Sletten Kolloen byrja på si bok om Jonsson fekk han overlevert alt materiellet frå Juland.

Harald Bergheim

Harald Bergheim (f. 1917) frå Lom har skrive dikt sidan han var liten gut. Skrivetalentet har på mange måtar vore halde hemmeleg og dessverre gøymt vel bort. Bergheim er ein av svært mange med slikt talent frå sidsida under Lomseggen. Han var nabo og omgangskamerat med tremenningen og jamnaldringen Tor Jonsson. Dei to var på mange fisketurar på Prestsetra saman, der det nok vart til mangt eit dikt langs vasskanten.

Harald Bergheim kom i kontakt med Sparre Olsen via kona hans Astrid som var nattvakt på Revmatismesjukehuset på Lillehammer. Bergheim las dikt og prolog på ei samling på sjukehuset i 1973, og Sparre Olsen oppmoda han til å reise heim og skrive meir, men dette førte ikkje til nokor utgjeving. Da han fekk hjartinnfarkt i 1980 bestemte han seg for å brenne alt han hadde skrive. Han ville ikkje at andre skulle få lese det, som han sjølv seier.

Men sidan den gongen har bunken med handskrivne dikt vorte større og større, han seier sjølv at han har "ragel i pose og sekk både her og der". Han meiner det får vere opp til andre å vurdere om det er noko å gje ut.

Marit Berge Sundli

Marit Berge Sundli (1917 - 1997) opphoveleg frå Lom gav i 1991 ut boka "Fåkjeldland - Minne frå Tor Jonssons heimgrend". Berge Sundli voks opp på ein av grannegardane til

Bøverdalen

*Eg veit ein dal
som smyg seg millom
store fjell
og upp mot grøne bre.
So fullt tå stein
so magert.
Eit såmårland
so ljost og godt og fagert.*

*Eg veit ein gard
høgt uppi brattelid
i kronglut lende -
so hardsudd og so skrand.
Her plundra folk og sleit -
i harde kår.
men fekk true, att på livet.
Kvar ein vår.*

*Eg veit ei tjønn,
med urd og måsårabbe
rundt
der klutra bekken,
gjennom gråa urd.
Det er det godt å vera
ei natt i såmårtid
med bjølleklonk
frå burti fjellbjørklin.*

*Eg veit ei elv
som fossa vill og stri
i gjennom nifse gjel
som fløyne djup og still-
i gjennom blanke fløymer
og speglar av ei tinderad
ei haustgil lid og sullar på
ein gamal melodi.*

*Eg veit eit fjell
som skimrar borti rømdi
når morgongsøle renn
ein nyfødd såmårdag
med kvite krona -
høgt mot klare kvelven
og laugar seg
i siste kveldsolelden.*

*Eg veit eit folk
som træla hardt
og sleit for føa
og hadde mang ei vakenatt
for frost for grøa.
Hard var dalen
som dei budde i.
Dei bad Gud fri oss
frå vår naud og barkbrødstid.*

Harald Bergheim

Uppigard Andvord, der Tor Jonsson budde. Ho gjekk også i same skuleklasse som han i sju år. I boka skildrar ho minne frå barndommen deira, og ho skriv om tilhøva i grenda og bygda da dei to var barn.

Lars Runningen

Gardbrukaren Lars Runningen (1918 - 1988) frå Bøverdalen var glad i diktning og "andelege" syslar, han skreiv mykje gjennom livet og var særleg oppteken av urett og fariseisme. Han gav sjølv aldri ut dikta sine, men i 1995 vart fleire av dikta samla saman til eit hefte som ein kan finne på Lom folkebibliotek.

Nils Agneberg

Nils Agneberg (1918 - 1987) frå Skjåk var særskild aktiv i teatermiljøet i bygda, både som skodespelar - og som spelforfattar. Han skreiv fleire teaterstykker som vart framført av teatergruppa i U.L. Fram. Mellom anna skreiv han spelet "Garmokyrkja" til 100-årsjubileet for Maihaug-en, her møter O. M. Sandvik Trond Eklestugun. Han skreiv også stykket "Hardår" saman med Kristian Venås.

Ivar Sveine

Ivar Sveine (f. 1922) frå Lom har skriva sidan han var tenåring. I 1942 utlyste Kyrkjebladet for Lom ein konkurranse om å skriva dikt om Lomskyrkja. Ivar Sveine sende inn eit dikt, dette sette Kristbjørn Rossehaug og Reidar Svare musikk til i 2001 og tok det med på CD-en "Tonar gjennom tidene i Lom Stavkyrkje". Sveine har også bidrege med stykke til "Heim og bygd". Han har skriva fleire dikt og prologar opp gjennom åra, sjølv om det har vorte mindre i det siste. Det er ikkje kvart år han skriv noko lenger, fortel han sjølv.

Jon P. Kolden

Jon P. Kolden (1925 - 1996) frå Lom var særskild interessert i lokalhistorie og har vore med på å skriva fleire historiske bøker frå Lom, mellom anna jubileumsboka til Lom Tamreinlag, "70 år med tamrein", og boka "Vassvegar i Lom". I 1988 vart han tilsett som bygdebokskrivar for Lom, men døyde diverre før han fekk fullført arbeidet. Han hadde likevel samla mykje stoff som låg att i form av notat og ein råkladd. Den fyrste boka vart fullført av Snøhetta forlag as på Lesja og vart gjevne ut i 2000, denne omhandlar gards- og ætte-soge for Vårdalen.



Harald Bergheim

Kari Bakke Storvik

Kari Bakke Storvik (f. 1926) frå Vågå har skriva så lenge ho kan hugse. Men ho har ikkje dikta og funne på, ho ynskjer helst å skriva det som er sant. Det er lokalhistorie som interesserer Kari Bakke Storvik aller mest, ho vore med i bygdeboknemnda for Vågå i ni år. Ho har også vore med på å samle saman og skriva ned gamle stadnamn i Vågå med kart og forklaringar, dette arbeidet finn ein på Vågå bibliotek. I 1999 gav ho ut den fyrste boka si, "Draumen om eit bedre liv", om folk som vandra ut frå Ottadalen og busette seg nord i landet, på vestlandet og Amerika. Litt seinare gav ho ut boka "Dagar som aldri kjem att", saman med mannen Steinar. Dette er ei bok om utvandring, om skule, litt frå Tessand og frå Mo'om, og om gamle råk og vegar. I boka har ho skildra det gamle råket mellom Vågå og Lom og folket som budde langs den.

Torodd Kvåle

Torodd Kvåle (1927 - 1995) frå Lom gav i 1979 ut "Litt skulesoge frå Lom". Boka omhandlar skulehistoria frå alle krinsane i Lom frå 1740 til 1940. Året etter gav han ut tre bøker: "En bekvem Anledning til demoraliserende Dagdriverliv. En historie om fisket i Smådøla 1865 - 1977", "Middelalderbrev frå Lom" og "Lom Stavkyrkje, trykte kjelder 1575 - 1977". Kvåle gjorde eit stort arbeid med å samle lokalhistorie frå Lom og Gudbrandsdalen. I tillegg til det han sjølv skreiv samla han saman bøker av lokale forfattarar og med lokalt stoff. Lom Heimbygdslag, med støtte frå Lom kommune og Lom og Skjåk Sparebank, kjøpte denne samlinga frå arvingane til Torodd Kvåle. Samlinga står førebels i kjellaren på Lom folkebibliotek, men skal flytjast opp i lokalsamlinga slik at bøkene kan lånast ut.



Vera Henriksen. Foto: GD, Halvor Torgersrud

Vera Henriksen

Vera Henriksen (f. 1927) og familien gjorde lomværar av seg i 1978, etter å ha feriert i bygda i fleire år. Da hadde ho allereie slege gjennom som ein av Noregs høgst respekterte og mest lesne forfattar. I 1961 debuterte ho med "Sølvhammeren", handlinga i boka er frå det 11. århundret med hovudpersonen Sigrid frå Bjarkøy - syster til Tore Hund. Boka fekk strålende kritikkar og ho vart også belønna med bokhandlarane sin "Takk for boken- prisen". Deretter gjekk det slag i slag, fyrst fullførte ho triologien om Sigrid frå Bjarkøy på tre år. Fem bøker med handling frå Lom i århundret etter reformasjonen var neste prosjekt. På 80-talet var hovudverket ein triologi der handlinga er lagt til Island i den blodige tida da hedenskap og kristendom kjempa om å ha overtaket i samfunnet og sinnet til kvar enkelt.


Så langt har det samla opplaget på bøkene hennar passert ein million. Ho har ikkje berre skrive historiske romanar, men også barne- og ungdomsbøker, samtidsromanar, fagbøker frå sagatida og fleire bøker om historia til Det Norske Luftforsvaret. Vera Henriksen har også forfatta skodespel, mellom anna har ho samarbeidd med Kristian Venås om Olsokspelet som vert framført i Presthaugen annakvart år.



Olav Svestad fekk Kulturprisen for Lom i 2001
Foto: GD, Leif Øverland

Vera Henriksen har enorme historiske kunnskapar som ho nyttar i dei historiske romanane sine. Ho byggjer oftast på faktiske hendingar, og er historisk korrekt i framstillingane. Dessutan vert det hevda at ho har ei eiga evne til å samanfatte dette og handlinga ellers i bøkene sine slik at lesaren vert riven med.

Vera Henriksen seier sjølv at ho har henta mykje inspirasjon i Lom. Dette har heilt konkret kome fram i bøkene om lomværen Bengt Jonsson som vender heim frå København i århundret etter reformasjonen. Ho vert ofte omtala som den fremste arvtakaren etter Sigrid Undset i norsk etterkrigs litteratur. Ho har vorte heidra med Kulturprisen for Lom i 2000 saman med mannen Olav, Kulturprisen for Gudbrandsdalen i 1978 og vart slegen til Ridder av St. Olav i 1997.



Olav Svestad

Olav Svestad (f. 1931) frå Lom er godt kjend som herradsagronom og jordbrukssjef i Lom kommune. Etter at han vart pensjonist fall det seg slik at han tok pennen fatt og byrja å skrive. Han har skrive for "Heim og Bygd", og saman med Jon Kolden sto han bak boka "Vassvegar i Lom". Det var også Svestad som skreiv jubilumsboka for Lom sau- og geitalslag i høve av 50-årsjubileet.

Ola Forberg

Ola Forberg (f. 1928) er opprinneleg frå Skjåk, men busett i Larvik. Han gav i 1998 ut handboka "Stigfinnar i Skjåknaturen - fotturar frå vegkant-en", der 34 turar i ulike delar av Skjåk er forklara med omtale, kart og teikna høgdeprofil.

Kristian Venås

Kristian Venås (f. 1932) kjem frå Måndalen, men har sidan 1963 vore busett i Garmo saman med kona, Lisbet Lid Venås. Venås har brukt mykje av fritida på teater og dramatik. Han har skrive fleire skodespel mellom dei "Hardår" saman med Nils Agneberg. Dette er eit historisk spel frå vinteren 1812-13 med uår, krig og svolt. Stykket har vore oppsett fleire gonger av teatergruppa i UL Fram. Kristian Venås arbeidde saman med Vera Henriksen om å skrive olsokspelet "Heilag-Olav i Lom" som har vore framført i Presthaugen annankvar sommar sidan 1994. Venås stod også bak boka "Amatørteater, 30 år med teatergruppa i UL Fram, Skjåk". Han har vore fast instruktør for teatergruppa sidan 1965. Som forfattar er han med i antologien "Hilsen fra Oppland" frå 1991 og som medarbeidar i "Jul i Romsdal".

Venås har skrive historiske artiklar i "Årbok for Gudbrandsdalen", og har vore redaktør for det lokalhistoriske skrift-et for Lom "Heim og bygd" frå 1997.

Anne Sletten

Anne Sletten (f. 1934) med jentenamnet Horten kjem opprinneleg frå Bøverdalen men er nå busett i Folldal der ho har arbeidd som lærar og gardkjerring. Ho har pensjonert seg frå læraryrket og yngre krefter har teke over gardsdrifta. Sjølv er ho i full sving som turistvertinne. Ho gav ut si fyrste bok kring årsskiftet 2001/2002. Boka "LIV" er ein kombinasjon av dikt og akvarellar ho sjølv har produsert.



Eva C. Borgengaard

Eva Christianne Borgengaard (f. 1936) busette seg i Lom i 1989. Ho hadde tidlegare vore NRK sin fyrste distriktsmedarbeidar og dekte stoff frå Nord-Gudbrandsdalen. Ho vart glad i distriktet den gongen, og da ho fekk høve til å kjøpe ein plass i Garmo flytta ho attende.

Borgengaard har jobba som journalist både i aviser, blad og NRK gjennom 30 år. Ho debuterte som forfattar i 1971 med dokumentarromanen "Den hemmelige kampen". Boka omhandla ein norsk flygar sine opplevingar av kampene under andre verdskrigen. Seinare gav ho ut to novellesamlingar med historier om overnaturlige fenomen. Novellene var bygd på intervju og historier frå publikum. Den fjerde boka gav ho ut i 1984, "Jahn Teigen: Frå Tønsberg til Grand Prix" ein biografi om Jahn Teigen. Det var Eva Christianne Borgengaard som i si tid oppdaga Jahn Teigen, og dei to fyrste platene hans vart gjevne ut på plateselskapet ho dreiv den gongen. Borgengård er medlem i Norsk faglitterær forfatterforening og i Oppland forfatterforening.

Ho fortel at ho har liggjande fleire halvferdige bøker og skrivi. Ei bok er ho også i ferd med å fullføre, ei barnebok med handling frå Ottadalen. Boka vil handle om trollungar og menneskeborn. Kari Brustugun skal stå for illustrasjonane.

Lisbet Lid Venås

Lisbet Lid Venås (f. 1937) kjem frå Vaksdal i Hordaland. Ho har, saman med mannen, Kristian Venås, slege seg ned i Lom der ho arbeider som lærar ved Garmo skule. Lid Venås har gjeve ut dei to diktsamlingane "Villgras" i 1959 og "Bålet" i 1976. Ho er også med i antologiane "Hilsen fra Oppland" i 1991 og "Innslag i veven" i 1992. Ho har vore fast medarbeidar i "Jul i Romsdal" sidan 1981. Lisbet Lid Venås er ofte nytta som opplesar av eigne og andre sine dikt.

Torgeir T. Garmo

Torgeir T. Garmo (f. 1941) frå Lom er kjent for dei fleste som aktiv og nyskapande eigar av Fossheim Steinsenter. Som amatørgeolog har han vore bidragsytar i fleire bøker om bergartar og geologi. Han har gjeve ut "Norsk Steinbok" i 1983,



Liv Marie Austrem. Foto: Det Norske Samlaget

boka kom i ny, omarbeidd og utvida utgåve i 1989. Ei tredje utgåve kom i 1999, denne er den mest selde av alle norske steinbøker. Garmo har også omarbeidd og omsett fleire tyske bøker og gjeve dei ut i norsk versjon.

Asbjørn Dagsgard

Asbjørn Dagsgard (f. 1943) frå Skjåk har vore mykje nytta til å skrive i "Kveldsseto" som blir gjeve ut av Skjåk Historielag kvart år. Han har også vore nytta som medhjelpar til bygdabøkene for Skjåk og hartidlegare skrive temadelen i årsmeldinga for Lom og Skjåk Sparebank to gonger. Hovudverket til Dagsgard er eit verk på fleire hundre sider om dialekten i Lom og Skjåk. Han har arbeidd med dette verket i periodar i mange år, og vonar nå at det blir gjeve ut i 2003. Verket inneheld ein del med grammatikk og lydlære og ei ordliste med dialektord. Ordlista omfattar meir enn 8.000 ord med tyding og forklaringar. Både i grammatikken, lydlæra og ordlista er det gjort greie for utviklinga frå gammalnorsk og fram til dei formene ein finn i dialekten i Lom og Skjåk i vår tid.

I 1974 skreiv Dagsgard ei hovudoppgåve i norsk ved Universitetet i Trondheim om personnamnbruken i Skjåk med ei lita jamnføring med personnamnbruken i Lom og på Lesja. Han har planar om å skrive eit samandrag av denne oppgåva som kan gjevast ut i bokform.

Dagsgard er også språkkonsulent for Bygdebok for Lom, i tillegg kontrollerer han opplysningane i manuskriptet og korrigerer eller kompletterer dei dersom han finn noko som han veit manglar eller er ukorrekt i manuskriptet, det gjeld særleg for opplysningar som har med skjåkværar eller forhold i Skjåk å gjere.

Terje Haug

Terje Haug (f. 1943) kjem eigentleg frå Skjedsmo men har siden 1987 vore busett i Skjåk. Han har skrive ei rekkje fagbøker kring temaet landbruksrekneskap- og økonomi, mellom anna "Driftsøkonomi i jordbruket", "Regnskapsføring og pengestyring", "Arbeidsbok i økonomi og regnskap", bøkene er gjeve ut på Landbruksforlaget. Den siste boka han har gjevne ut er ei lærebok om økonomi for plantedyrkarar, boka er tilpassa for fagskulane og er gjeve ut på GAN forlag. Både denne boka og dei tre førre har Haug gjort tilgjengelege som nettbaserte brevkurs.

Ivar Teigum

Ivar Teigum (f. 1944) er fødd og oppvaksen i Skjåk, men bur nå på Otta der han er lektor med faga engelsk, historie og idehistorie ved Otta vidaregåande skule.

Ivar Teigum har skrive fleire historiske skrifter, mellom dei historia om Sylvester Sivertson, som vart gjeven ut av Skjåk kommune i 1997. Det var Teigum som fullførte boka om vatnet i Skjåk da Gregor Kummen døydde før han var ferdig med dette arbeidet. Hovudverket hans er bygdabøkene for Vågå og Sel, den fyrste av desse kom ut i 2001. Nummer to er han i gang med, denne skal vere klar i 2004. Den fyrste boka tek for seg historia frå dei eldste tider og fram til 1600-talet, den andre boka skal ta for seg tida frå 1600 til 1907.

I 1977 gav Ivar Teigum ut diktsamlinga "Gullbostar". Han har også gjeve ut to gje diktingar, "Svarte amerikanske dikt" i 1979 og "Utan identitet" i 1994. Han har skrive artiklar for "Årbok for Gudbrandsdalen". Han har bidrege til kunstkatalogar i samarbeid med Laila Hilsen og Tor Einbu, og han skreiv litteraturkritikk i "Vårt Land" frå 1988 - 98.

Kristian Hosar

Kristian Hosar (f. 1945) frå Skjåk, nå busett på Lillehammer, er eit kjent navn for dei fleste gjennom sitt arbeid som journalist i Gudbrandsdølen Dagningen. Han har skriva og vore med på å skriva ei rekkje bøker, "Århundrets Døler" som omhandlar lillehamringar og dølar som prega det 20. århundre, "Vi dro mot nord" – ei bok om felttoget i Noreg i april 1940 skildra av tyske soldatar og offiserar, og fleire bøker om Lillehammer og om andre verdskrig. Hosar skreiv også jubileumboka til Lom og Skjåk Sparebank i høve av 100-årsjubileet i 1973.

Astrid Botten

Astrid Botten (f. 1945) frå Garmo kan kanskje kallast hobbydiktar. Til dagleg driv ho Skogheim kafé og hytter. Skrivninga hennar dreiar seg mest om songtekstar, kåseri og prologar, ofte på oppdrag til ulike anledningar. Botten skriv ofte om mellommenneskelege tema som opptek ho i kvardagen, til dømes livskvalitet, det å syne omsorg, å bry seg om og kampen mot likesæla. Dikt har ho og skriva littav og framført, nokre har vore trykte i aviser.

Liv Marie Austrem

Liv Marie Austrem (f. 1947) er fødd og oppvaksen i Vågå. Ho er nå busett i Oslo etter å ha budd både i Bergen, Stockholm og 19 år i Lofoten. Austrem debuterte i 1985 med barneboka "Vikagjengen". Så langt har ho skriva ni barne- og ungdomsbøker. Ho har også skriva to romanar. I 1995 kom "Gyda" der handlinga er lagt til Lofoten i 1904. To år seinare kom "Rikkens reise" som er ei frittstående oppfølging av "Gyda", handlinga her er lagt til ei Alaskareise i 1910.

Liv Marie Austrem har skriva fleire skodespel med historisk innhald. Ho har også skriva fem fagbøker. I to bøker har ho intervjuet kvinner i Lofoten, ei bok er eit nærstudie av eit fiskevær og dei to siste bøkene omhandlar psykisk helse. Kombinasjonen av barnebøker og fagbøker om psykisk helse er litt spesiell. Austrem fortel at ho byrja å skriva bøker da ho hadde små barn sjølv, noko som inspirerte henne til å skriva for barn og ungdom. Bøkene om psykisk helse som har kome seinare har ho skriva på førespurnad. Ho understrekar at ho ikkje er faglært på dette området, men at det er erfaringsbasert kunnskap ho formidlar i bøkene.

Liv Marie Austrem har også delteke både med seriar, noveller, korttekstar og dikt i "Barnetimen for dei minste". Ho har i mange år arbeidd som lærar og teaterinstruktør, men dei siste ti åra har ho levd av å skriva, lese opp frå bøkene sine og snakke om dei. Ho tek også kortare engasjement som lærar på kurs i kreativ skriving og dramatisering av tekstar. Den siste tida har ho i tillegg hatt halv jobb som leiar for eit prosjekt i regi av SEPREP (Senter for psykososial og psykoterapeutisk rehabilitering ved psykose).

Austrem skriv på nynorsk, og har motteke Noregs Mållags pris for beste nynorske barne- og ungdomsbok. Ho har vunne Brageprisen to gonger, fyrste gong i barnebokklassen i 1995 med boka "Tvillingbror", andre gong med "Tvillingsøster" i biletbokklassen i 1997. Ho har også motteke Yttriprisen for god litteratur skriven på godt nynorsk og Vestvågøy kommunes kulturpris.

Hans Sandviken

Hans Sandviken (f. 1948) kjem frå Vågå, men er nå busett på Vinstra der han arbeider ved Vinstra vidaregåande skule. Sandviken gav i 1996 ut diktsamlinga "Augneblink og andre dikt", han har også delteke med mange dikt i "Søndagsposten" på P2, i diverse årbøker, aviser og liknande. Sandviken hadde interesse for å skriva allereie som tenåring, men gjorde først alvor av dette då han for 22 år sidan var lærar på ein internasjonal folkehøgskule. Han skreiv ofte prologar til ulike tilstellingar på denne skulen. I åra deretter skreiv han mange prologar. For åtte - ni år sidan byrja han så smått med dikt til aviser, og etter det har det berre vorte fleire og fleire... Skriveinteressa går i bølgedalar, fortel han, men i periodar skriv han mykje både av dikt, artiklar og kåseri. Det er ofte natur, landskap og årstider han skriv om, men han er også glad i å skriva om indre tilstandar og allmenne samfunnsspørsmål i dikta sine. I artiklane er det oftast tema som historie og dagsaktuelle samfunnsspørsmål han tek opp. Forma på dikta meiner han sjølv ber preg av at han er ottadøl – med arven etter alle dei store diktarane, men med ei open interesse for samtida og ein moderne måte å skriva på.





Magnhild Bruheim. Foto: GD, Halvor Torgersrud

Håvard Teigen

Håvard Teigen (f. 1949) frå Skjåk er busett på Lillehammer der han arbeider ved Høgskulen som professor med fagområda distriktspolitikk og regional utvikling. Teigen skreiv boka "Banken som bygde-utviklar", som vart gjeve ut ved Lom og Skjåk Sparebank sitt 125-års jubileum. Han er også førespurd å skrive det siste bandet av bygdebøkene for Skjåk, historia frå 1945 og fram til i dag.

Teigen har skrive eller bidrege til omlag 20 lærebøker og fagbøker. Den fyrst i 1982 var ei bok om planlegging der Teigen bidrog med ein del om kommunalt tiltaksarbeid. Hovudverket er saman med jubileums-boka til Lom og Skjåk Sparebank, boka "Regional økonomi og politikk" frå 1999, denne vert nytta som lærebok på universitet og høgskular. Den siste boka han har vore med på å skrive er "Kampen om språket – nynorsken mellom det globale og lokale" ei bok som kom i 2001, denne omhandlar det norske språket i ein global samanheng og tek fyrst og fremst for seg nynorsken.

Magnhild Bruheim

Magnhild Bruheim (f. 1951) er oppvaksen i Skjåk og har heilt sikkert fullt av gen med gode skriveevner. Jan-Magnus Bruheim var onkelen hennar og ho voks opp med han som

næraste granne, i tillegg var beste-faren Mathias korrespondent for Gudbrandsdølen og Lillehammer Tilskuer gjennom femti år og skreiv fleire bøker.

Den fyrste boka hennar, spenningsromanen "Varselet", kom ut i 1997, romanen fekk glimrande kritikkar, mellom anna terningkast fem i VG. Seinare har det kome tre bøker til i same serie. Handlinga går føre seg i eit bygdemiljø som minner mykje om Skjåk, og det er Kripsetterforskarer Mons Strand som i kvar av bøkene reiser til bygda for å oppklare mord-saker – og som etterkvart også buset seg der som ny lensmann. I bøkene tek ho opp tema som er kjende i ei lita bygd: familiekrangel, arveoppgjer, framandfrykt, rykter og slarv. Ho er ein av særst få krimforfattarar som skriv nynorsk, og har fått skryt for å gjere dette på ein god måte. Magnhild Bruheim har vorte kalla ein motstraumsforfattar som ikkje kastar seg på den same bølga som så mange andre kriminalforfattarar som skriv på bokmål og let handlinga gå føre seg i storbyar.

Magnhild Bruheim har også gjeve ut ei bok saman med Sissel Bjørgan, "Lykkeland" - ei samling norske slagerminne frå søstrene Bjørklund til Fru Johnsen.

Bruheim er utdanna ved Norsk Journalisthøgskole og er cand. philol. med norsk hovudfag og historie og folkeminne i tillegg. Ho har tidlegare arbeidd for Norsk Språkråd, men har nå gjennom femten år vore knytt til NRK og bur i Lillehammer. Dei siste åra har ho sett av meir tid til å skrive.


Hans Hosar

Hans Hosar (f. 1953) er fødd og oppvaksen i Skjåk som veslebror til Kristian Hosar. Han er cand.philol. med historie som hovudfag og har skrive fleire bygde-historiske bøker. I 1993 gav han ut bygdebok for Hobøl kommune i Østfold. I 2000 gav han ut historia til Krigsskolen frå 1750 - 2000, han skriv også artiklar om historiske og arkivfaglege emne.

Det var Hosar som fekk oppdraget med å skrive dei fire fyrste bygdebøkene for Skjåk, han er nå i ferd med å skrive den fjerde som omhandlar historia fram til 1945. Bygdebøkene for Skjåk er eit omfattande verk som tek for seg utviklinga i Skjåk heilt frå då landskapet vart forma, men i hovudsak etter at dei fyrste menneska busette seg i bygda.

Gøril Wiker

Gøril Wiker (f. 1955) opphavelg frå Lom, men nå busett i Sandvika, er for mange kjent frå matprogram i NRK. Ho eig og driv Jotunheimen Fjellstue saman med systera. I 1999 gav ho ut kokeboka "Leve livet!", i 2001 gav ho ei ny kokebok "Lyst på livet".



Ragnhild Kolden

Ragnhild Kolden (f. 1956) frå Bøverdalen har skrive dikt sidan tidleg i ungdommen, 45 år gammal gav ho ut si fyrste - og hittil einaste - diktsamling "Ho inni meg". Ho er spesielt oppteken av tid og natur og hentar mykje inspirasjon frå heimbygda Lom. Det har vore viktig for Ragnhild Kolden å kome bort frå dei store ottadalsdiktarane, og heller finne ei eiga form med eit munnleg og kvinneleg språk. Ragnhild Kolden er busett i Oslo og arbeider til dagleg ved Universitetsbokhandelen.

Arne Brimi

Arne Brimi (f. 1957) frå Vågå er nåtidas mest kjente Ottadøl, både som kokk, frå tv og som kokebokskribent. Han har gjeve ut ei rekkje kokebøker, både åleine, saman med Arne Hjeltnes og som bidragsytar i fleire andre bøker. Den fyrste boka "Frå Lom til Lyon" kom ut i 1987. Den så langt siste kokeboka til Brimi kom i 2000 "Tid til overs", denne var annleis enn tradisjonelle kokebøker ved at det her var brukt meir plass til matfilosofi.

Kristbjørn Rossehaug

Kristbjørn Rossehaug (f. 1959) er rektor ved Lia skule og busett i Lom. Skrive har han gjort i mange år, men berre til husbruk. I 1995 vart han beden om å laga ein song i samband med 50-årsdagen for frigjeringa av Noreg, dette vart starten på at han torde å syne fram det han skreiv. Songen vart brukt i alle skulane i Lom, og også andre stader i landet. Seinare har han skrive 5 - 6 julesongar til julemusikalen i Lom. Han skriv og songar til diverse atilstellingar både for familien og på oppdrag. I tillegg skriv han dikt som ikkje alltid går på rim, desse handlar oftast om livsfilosofi og er så langt berre for husbruk.

Anne-Mette Kolden

Anne-Mette Kolden f. 1961) kjem frå Mysen, men har sidan 1988 budd i Lom og arbeidd som veterinær. I 2000 skreiv ho boka "Lom stavkirke" saman med Vera Henriksen, boka

vart gjeven ut av Lom sokneråd. Kolden stod for den delen av boka som omhandlar forandringar etter reformasjonen, - kvifor og korleis. Kolden har stor interesse for historie, ho har fleire sesongar vore guide i Lom Stavkyrkje og ho har vore med på oppbygginga av utstillinga "Lom stavkyrkje 1000 år".

Ove Tidemansen

Ove Tidemansen (f. 1967) frå Lom byrja å skrive dikt kring 1990. Dikt er den måten å skrive på som har fenga han sidan. Nokor diktsamling har diktinga enno ikkje resultert i, men tanken er der. Han fortel at han arbeider med å gje ut ei slik samling, men at det er eit stort arbeid å velje ut dikta som skal vere med. Det er heller ikkje lett å få gjeve ut ei samling på eit forlag i dag, difor er han innstilt på å gje samlinga ut for eiga rekning.

Det er sentrale lyriske tema ein finn i diktinga hans; Livsverdiar og vegval, religiøse tankar og tru, kjærleiken mellom mann og kvinne og den altomfemnande kjærleiken menneske imellom og til alt levande rundt oss. Ofte blir naturen nytta som eit bakgrunnsteppe for motiva, med den kan og vera ein del av sjølve diktet. Inspirasjon finn han mellom anna i naturen, i den lyriske folkemusikken og i møte med menneske.

Tidemansen er spesialpedagog i Lom og Skjåk PPT, og arbeider i tillegg som lærar i vaksenopplæringa for busette flyktingar i Skjåk. Ove Tidemansen fekk kulturstipend for Lom kommune i 1997 for skrivinga si.

Summe har kanskje sett dikt av Ove Tidemansen i Kyrkjeblad for Lom, ellers deltek han frå tid til anna på ulike arrangement med diktopplesing. Nokre av dikta han har skrive har også vorte tonesett. Mellom anna kan du høyre "Sommar natt" på den nyaste CD-en til Nye Ringnesin. Dette diktet skreiv Tidemansen i 1992 etter ei ferd langs Vågåvatnet medan sommar natta grydde mot dag. Reidar Svare har seinare tonesett diktet. I seinare tid har Ove Tidemansen sett tekst til valsen "Fjellvandring" etter Sigurd Biløygard. Denne har Reidar Svare arrangert for koret Gjerding-Ljomen i Garmo.



Gyrid Axe Øvsteng. Foto: Mathias Øvsteng

Gyrid Axe Øvsteng

Vågå-jenta Gyrid Axe Øvsteng (f. 1974) var ein av tre som kom gjennom nålauga da det hausten 2001 vart starta eit pilotprosjekt for framtidig dramatkarutdanning i Oslo. Det Åpne teater, Nationaltheatret, Det Norske Teatret og Statens Teaterhøgskole samarbeider om prosjektet der Axe Øvsteng gjennom to år skal skrive einaktarar for Det Norske Teatret og Nationalteatret og til slutt utarbeide eit utkast til heilaftans framsyning.

Axe Øvsteng har alltid hatt glede av og lyst til å skrive, ho har også vore fascinert av teatermediet heilt sidan fyrste gong ho såg eit teaterstykke. Ho skreiv sitt fyrste teaterstykke da ho gjekk på folkehøgskule etter vidaregåande, på linje for kreativ kommunikasjon. Her skreiv ho eit stykke som vart framført på skulen, dette gav meirsmak og førte til at ho deretter gjekk eit halvt år på dramatikerlinja ved skrivekunstakademiet i Hordaland. Etter det har ho utdanna seg til drama-pedagog, ho har nå permisjon frå eit hovudfagstudium i teatervitenskap for å vere med på pilotprosjektet i Oslo. Ho seier sjølv at drama-pedagog-utdanninga har vore særst gjevande sjølv om lidenskapen hennar fyrst og fremst ligg i å skrive.

I 2000 fekk ho for fyrste gong ei profesjonell framføring på eit stykke. "køyr!" vart synt på Det Norske teateret i samband med Norsk dramatikfestival. Hausten 2001 vart eit stykke framført Nasjonalteatret i samband med Samtidsfestivalen og i april vil det vere ny-premiere på "køyr!" på Cafésenen på Centralteateret.

Lengt, kjærleiken og døden er tema som oftast opptek Axe Øvsteng. Ho skriv på ein lyrisk modernistisk måte som ligg utanfor den tradisjonelle teaterstilen vi kjenner best.

Gyrid Axe Øvsteng seier sjølv at ho er biten av basillen og vil aller helst berre skrive for teater. Så langt har ho måtte gjere andre ting ved sida av, svært få kan livnære seg med å skrive teaterstykke.

Merete Lund Fasting

Lomsjenta Merete Lund Fasting (f. 1970) gav i 2000 ut boka "Pust! Aktive barn med astma og allergi". Boka handlar om barn og astma i kvardagen, om korleis vaksne kan tilrettelegge for at born skal kunne ha ein normal aktivitet både heime og i skule eller barnehage. Ho drøftar kva astma og allergi er og korleis vi kan stimulere barna til fysisk aktivitet og leik både ute og inne.

Merete Lund Fasting arbeider nå som høgskulelektor ved Norges idrettshøgskole. Ho er sjølv plaga med astma, men lever eit aktivt liv med idrett og friluftsliv.

Kjelder

- Skjåk Folkebibliotek
 - Lom Folkebibliotek
 - Vågå Folkebibliotek
 - Kristian Hosar, Ingar Sletten Kolloen og Ola Matti Mathisen: Århundrets døler
 - Årbok for Gudbrandsdalen 1988
 - Tone Birkeland: Norsk Litteraturhistorie
 - Norsk biografisk leksikon, Kunnskapsforlaget 1999
 - Gudbrandsdølen 8.3.86 - Arnt Sveen
 - Gudbrandsdølen 8.3.86 - Johs Myhren
 - Norges Litteraturhistorie
 - GD 14.9.01 Ingar Sletten Kolloen
 - VG
 - Gudbrandsdølen 25.1.97 - Kristian Hosar
 - GD 10.11.01 - Halvor Torgersrud
 - Årbok for telemark 1983 - Leif Skoje
 - GD 22.1.00 - Elias Sperstad
 - Vest-Telemark Blad, desember 1997 - Knut Espelid
 - Gudbrandsdølen 9.12.83 Kristian Hosar
 - Hans P. Hosar: Skjåk Bygdebok
 - Arne Brimi: Frå naturens kjøken
 - Oppland Forfatterlag: Hilsen fra Oppland
 - Åmund Elvesæter: Mi stund i fjellheimen
 - UL Fram: Amatørteater
 - Fjuken 7.2.2002
 - Lars Runningen: Dikt i utval
 - H. Ofigsbø: Gudbrandsdalsboka
 - Ivar Teigum: Sylvester Sivertson
 - Vågå kommune: Edvard Storm - Dølaviser
 - Thea Kummen: Villvuru
 - Ragnvald Skrede: Bak dei siste blånar
 - O. Løkre: Lurtonø frå Fjelle
 - Erling og Jarnfrid Kjøk: Ei spelemannsoge
 - Elise Aubert: Fra de gamle Prestegaarde
 - Hans Klepp: Fem år av mitt liv
 - Sebu Forlag / www.sebu.no
 - Ola Aukrust
 - Marit Berge Sundli: Fåkjeldland - Minne frå Tor Jonssons heimgrend
 - Årbok for Gudbrandsdal: 1930, 1931, 1945, 1949, 1950, 1955, 1979, 1984, 1985, 1996, samt register 1930 - 1996
 - Torgeir T. Garmo: Norsk Steinbok
 - Torodd Kvåle: Litt skulesoge frå Lom
 - Jon Kolden: Bygdebok for Lom, band 1
 - Harald Marstein
 - Gudbrand Skjaak
 - Endre Skjåk
 - Gøril Wiker: Lyst på livet
 - U.L. Fram 1898 - 1998 100 år
 - www.landbruksforlaget.no
- I tillegg har dei nålevande forfattarane sjølve hjulpet til med informasjon.



2688 Lom
Telefon: 61 21 90 00
Telefaks: 61 21 90 01

2690 Skjåk
Telefon: 61 21 35 00
Telefaks: 61 21 35 01

2680 Vågå
Telefon: 61 23 94 50
Telefaks: 61 23 94 51

www.lomogskjaak.sparebank1.no
bankpost@lomogskjaak.sparebank1.no
Telefon bankbuss: 94 43 38 31

Design, utarbeiding
og ide: Visus, Lom
Tekst i temadel: Visus, Lom
Trykk: Graficom
Foto utan namn på fotograf: Visus